



Hol Kommune
Ålmannvegen 8
3576 Hol

Vår ref. 25/842-12 Dykkar ref. Sakshandsamar Trine Grøttestø Direktenr Arkiv Dato: 19.03.2026

Høyring og offentleg ettersyn av framlegg til kommuneplanen sin samfunnsdel 2026-2030

Lærdal formannskap gjorde følgande vedtak i møte 19. mars 2026 (sak 015/26):

I samsvar med plan- og bygningslova § 11-14 blir framlegg til kommuneplanen sin samfunnsdel lagt ut på høyring og til offentleg ettersyn.

Høyringsperioden blir sett til 23. mars – 11. mai 2026.

Bakgrunn for saka og tidslinje

Kommunestyret vedtok den kommunale planstrategien i møtet 18. desember 2024 (sak 095/24). Planstrategien slår fast at både samfunnsdelen og arealdelen til kommuneplanen skal reviderast i inneverande planperiode 2023-2027.

Det er utarbeidd eit planprogram som vart fastsett i kommunestyremøtet 18. desember 2025 (sak 068/25). I samband med arbeidet med planprogrammet vart det gjennomført ei rekke medverknadsaktivitetar som har danna eit grunnlag for utarbeidinga av sjølve planen.

Generelt om samfunnsdelen

Lærdal kommune står framfor viktige val for framtida. Kommuneplanen sin samfunnsdel skal gje ei samla og langsiktig retning for korleis me utviklar lokalsamfunnet vårt fram mot 2030. Samfunnsdelen er ein overordna plan som skildrar utviklingstrekk og satsingsområde i kommunen sitt arbeid. Planen tek derfor ikkje stilling til enkelttiltak.

Arbeidet er forankra i plan- og bygningslova, nasjonale og regionale føringar, FN sine berekraftsmål samt kunnskapsgrunnlag frå statistikk, lokale undersøkingar, gjeldande kommunale planar samt medverknad frå innbyggjarane.

Om planforslaget

Planarbeidet er gjennomført i det digitale planverktøyet Framsikt. Dette gir god kopling mellom samfunnsdelen og økonomiplanen som fungerer som kommuneplanen sin handlingsdel. Gjennom bruken av Framsikt til både planarbeid og budsjettarbeid, kan mål og strategiar knytast direkte til tiltak og investeringsprosjekt, og kommunen får moglegheit til digital publisering og oppfølging med indikatorar. Planen skal lesast i sin heilskap i Framsikt.

[Klikk her for å lesa planen.](#)

Målet med revisjonen av samfunnsdelen har vore å forenkla planen gjennom å redusera talet på mål og strategiar. Ein meir avgrensa samfunnsdel med færre mål og strategiar gir betre styring, raskare gjennomføring og klar kopling til økonomiplanen.

I høyringsutkastet er det lagt opp til tre satsingsområde, tre hovudmål og 20 strategiar. I tillegg er det utarbeidd ein langsiktig arealstrategi som skal vera førande for arbeidet med framtidige arealplanar. Satsingsområda i planen er:

- Levande lokalsamfunn
- Trygg og nær kvardag
- Saman inn i framtida

For kvart satsingsområde er det definert eit hovudmål og tilhøyrande strategiar som skal visa korleis vi når desse måla.

Visjonen i planen er "Saman skapar me eit godt liv i heile bygdi". Me løftar fram det som er typisk Lærdal: nærleik mellom folk, vilje til å hjelpa, og eit praktisk syn på kva som verkar i kvardagen. Visjonen bind dette saman til ei retning: Me skal skapa i lag, halda på gnisten og gjera det lett å delta – i heile kommunen. Visjonen "Grøne Lærdal" frå gjeldande samfunnsdel blir vidareført som ei merkevare og ein identitetsberar i alt kommunen gjer.

Folkemøte

I høyringsperioden vert det halde eit folkemøte på Lærdal kulturhus 27. april. Meir informasjon om folkemøtet blir publisert på kommunen si heimeside.

Gje innspel til planen

Lærdal kommune ønskjer innspel til planen frå innbyggjarar, lag og organisasjonar, næringslivet og andre interessentar. Innspela er viktige for å sikra at planen blir best mogleg tilpassa behova i lokalsamfunnet.

Du kan gje innspel til alle delar av planen – både visjon, mål, strategiar og den langsiktige arealstrategien. Me set særleg pris på innspel som:

- peikar på forhold du meiner er godt ivaretekne i planen
- viser til tema der planen bør styrkast eller konkretiserast
- føreslår strategiar eller retningar som manglar og bør vurderast
- omtalar utfordringar eller moglegheiter som du meiner planen ikkje fangar opp i tilstrekkeleg grad

Innspel kan både vera korte og enkle, eller meir omfattande dersom du ønskjer det. Alle innspel blir registrert og vurdert i det vidare planarbeidet.

Høyringsfristen er sett til 11. mai 2026.

Slik sender du innspel:

- E-post: post@laerdal.kommune.no
- Post: Øyrapllassen 7, 6887 Lærdal

Hugs å merka innspelet med saksnummer 25/842.

Adresse	Telefon	E-post	Bank	Org.nr
Øyrapllassen 7,6887 Lærdal	57641200	post@laerdal.kommune.no	3838 07 60328	954 681 890

Med helsing

Trine Grøttebø
kommunalsjef

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Dok.dato
20.03.2026

Tittel
Saksframlegg -
Kommuneplanen sin
samfunnsdel - framlegg til
høyringsutkast

Dok.ID
263371

Mottakarakar:

Aurland Kommune	Vangen 1	5745	Aurland
Borgund Grendalag	v/ Heine Johannes Linga Lo 20	6888	Borgund
Direktoratet For Mineralforvaltning Med Bergmesteren For Svalbard	Ladebekken 50	7066	Trondheim
Erdal Ungdomslag	Erdalsvegen 28	6887	Lærdal
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	Bergen
Frilund Ungdomshus - Lærdal Ungdomslag	c/o Jon E Tamnes Øyragata 9	6887	Lærdal
Hemsedal Kommune	Hemsedalsvegen 2889	3560	Hemsedal
Hol Kommune	Ålmannvegen 8	3576	Hol
Kystverket	Postboks 1502	6025	Ålesund
Luster Kommune	Postboks 77	6866	Gaupne
Lærdal Idrettslag	c/o Hallvard Thomassen Brattegjerde 8	6887	Lærdal
Lærdal Næringssamskipnad Lærdal ungdomsråd Mattilsynet	Felles postmottak Postboks 383	2381	Brumunddal
Norges Vassdrags- Og Energidirektorat (nve)	Postboks 5091 Majorstua	0301	Oslo
Rikheim Og Ljøsne Ungdomslag Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne	c/o Johanne Gjesdal Mo Kleivane 11	6856	Sogndal
Sogndal Kommune	Postboks 153	6856	Sogndal
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	Lillehammer
Statsforvaltaren I Vestland	Njøsavegen 2	6863	Leikanger
Tønjum Grendalag	c/o Frida Refsum Lærdalsvegen 827	6887	Lærdal
Vang Kommune	Tyinvegen 5161	2975	Vang I Valdres
Vik Kommune	Postboks 134	6891	Vik I Sogn
Ål Kommune	Torget 1	3570	Ål
Årdal Kommune	Statsråd Evensensveg 4-6	6885	Årdalstangen